

Styremøte Sirdal bygdekinnelag 08.10.19

Til stades: Solveig Marie Ådneram, Tone Østtveit Kvien, Siri Fidjeland og Åse-Berit Fidjeland

Forfall: Helin Morel og Anita Haugen

Sak 23/19 fortset: Årsmøte m/vinsmaking v/Solveig Marie og Tone

Hotellet er ledig både 8. og 15. november, men Renate Albrigtsen kan ingen av dagane, så etter mykje diskusjon, kuttar me vinsmaking i samband med årsmøtet, og overlet til det nye styret å arranger det etter nyttår. Me må ha noko anna som fengjer, og Siri føreslo pakkeleik.

Det blir årsmøte og jubileumsmarkering **onsdag 6. november** høvesvis kl. **19.00 og 19.45** på Dagsenteret, Tjørhom.

Til årsmøtet inviterer me Astrid S. Hammersmark og Gro Mabel Anda, der sistnemnde blir beden om å snakka om korleis få innbuarar til å engasjera seg i fleire lag og foreiningar el.l.

Oppgåver til årsmøtet og 20-årsmerkinga m/ansvarleg:

Avtala lån av Dagsenterete, Tjørhom	Tone
-------------------------------------	------

Bestilla stor kake (40stk) Tonstad bakeri	Tone
-------------------------------------------	------

Invitera gjester frå RBK	Solveig Marie
--------------------------	---------------

Senda ut:	Åse-Berit
-----------	-----------

Saksliste til årsmøtet	
------------------------	--

Invitasjon til 20-årsmerking til medlemmer før og nå	
------------------------------------------------------	--

Spørsmål om biletet (til kavalkade)	
-------------------------------------	--

Liste over tidlegare medlemmar til Åse-Berit	Solveig Marie
----------------------------------------------	---------------

Ekstra gåver pakkeleik: Lageret på grendehuset	Solveig Marie
------------------------------------------------	---------------

Basargevinstar (maks 100,-)	Åse-Berit
-----------------------------	-----------

Setja saman biletet til kavalkade 20-årsmerking	Tone
-------------------------------------------------	------

Song/prolog til 20-årsmerking v/Sølvi	Åse-Berit
---------------------------------------	-----------

Kahoot på 20-årsmerking, jf. song/prolog	Solveig Marie
------------------------------------------	---------------

Frå sist: Sakslista må ut i god tid, og der bør ein bytta om på pkt. 6 og 7, innkomne saker og forslag til aktivitetar. Saker til nytt pkt. 6 er basaren - kva gjer me? og tilskot til lesesirkelen.

Sak 18/19 fortset: Ulike saker

b) Inspirasjonsseminar i Trondheim 8.-10. november 2019

Siri sjekkar om det framleis er mogleg å melda seg på, og ho og Åse-Berit gjer ev. det og får dekka seminarutgifter, men betalar reisa sjølv.

e) Organisasjonskurs RBK 22.-23. november 2019

Solveig Marie har lagt ut informasjon på Facebook om at alle medlemmer kan melda seg på. Sirdal BK dekkar utgiftene for to deltagarar (kr. 750 dagpakke eller kr. 1950 m/overnattning), medan RBK dekkjer Solveig Marie si deltaking, for ho skal ha eit innslag på fredag.

Siri (dagpakke kr. 750,-) og Åse-Berit reiser gjerne om dei blir med i det nye styret.

Sak 21/19 fortset: Aktivitetar framover

Refleksjakta 29. oktober 2019 blir på Sinnes skule kl. 17.00, og ein oppmodar dei som er ansvarlege for innetrening å nytta refleksjakta som aktivitet denne gongen. Siri har klar pølser eller graut etter jakta avhengig av kva ein har av frosne varer.